



Notat

Dato
LEIKANGER, 30.01.2017

Frå: Kenth Rune T. Måren
Til: Rektorane ved dei vidaregåande skulene
Kopi til: Bekka Skaasheim, fylkesdirektør
 Tor-Einar Holvik Skinlo, ass fylkesdirektør

Rapport frå fylkesdirektøren sin styringsdialog 2016

Styringsdialogen mellom fylkesdirektøren og skulane vart gjennomført i november 2016. Styringsdialogen er ein del av kvalitetssystemet og ein viktig arena for fylkesdirektøren. Møte med elevar, tilsette og leiing gir meirverdi og forståing for utfordringar og suksessfaktorar ved den enkelte skule. Tema for styringsdialogen er forankra i nasjonale og fylkeskommunale føringer. Mål- og strategiar for vidaregående opplæring, «God- betre- best!», og tilhøyrande handlingsprogram dannar grunnlag for dei årlege satsingane i opplæringssektoren.

Styringsdialogen vart gjennomført som fellesmøte med skuleleiinga, representantar for tilsette og elevrådet. Tema for fellesmøte var

- gjennomføring
- trivsel
- meistring

Førebuingane og utarbeidning av grunnlagsmateriale og statistikk til møtet hadde skulane sjølv ansvaret for. Fylkesdirektøren for opplæring hadde utarbeidd det lokale gjennomføringsbarometeret som syner gjennomføring i vidaregåande opplæring frå vg1 skuleåret 2014-15, vg2 2015-16 og vg3 2016-17 eller opplæring i bedrift 2016-18.

Med bakgrunn i tilgjengelege data vart det i år retta særskilt merksemd på skulen sine eigne vurderingar på følgjande område:

- Korleis arbeider skulen for å nå måla som er sett i målekartet for sektoren?
- Kva utfordringar må skulen løyse for å nå måla?
- Korleis brukar skulen tilgjengelege data til å meisle ut strategiar og tiltak (utviklingsplanen) for å løyse desse utfordringane?
- Korleis nyttar skulen arbeidslivskontaktressursen i arbeidet med å formidle elevar til bedrift?

I tillegg vart elevråda ved skulane invitert til å sende inn tema dei ønskte å ta opp med fylkesdirektøren.

Konklusjon

Den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane har gode styringsdokument med definerte mål og gjennomføringsstrategiar. Likevel er det naudsynt å vurdere omfanget av tiltak og satsingsområde, for i større grad å kunne å følgje opp og sjå resultata. Dei siste åra har derfor innhaldet i styringsdialogen vore «spissa» med tydlegare mål og færre tema, og skulane viser at dei arbeider godt. Dei er komne ulikt langt og utfordringa er å vere «tett på» i alle ledd, frå politisk leiing til klasserom og verkstad.

Fylkesdirektøren hadde i år lagt opp til større grad av dialog gjennom førebuingsarbeidet som skulane hadde ansvaret for. Denne forma fekk gode tilbakemeldingar, men skulane har framleis ein veg å gå for å meisle ut strategiar og tiltak for å nå målsettingane. Det er fylkesdirektøren si vurdering at held ein fast ved færre mål og satsingar over tid, blir det mogeleg for skulane å sikre at praksisen er i tråd med målformuleringane.

Elevane viste eit stort engasjement og tok opp tema som gav gode diskusjonar. Fylkesdirektøren merkar seg at dialogen mellom skuleleiing, lærarar og elevar er avgjerande for trivsel og utvikling av eit godt læringsmiljø for elevane. Elevane er opptekne av helse- og miljøfremjande tiltak, og peiker på kor viktig det psykososiale arbeidsmiljøet er for trivsel og læring . Miljøkoordinatoren si viktige rolle kom tydeleg fram.

Både skuleleiarar, tillitsvalde og elevar gav tilbakemelding på at skulebesøka vart gjennomført på ein god måte. Elevane gav tydeleg uttrykk for at dei syntes det var meiningsfullt å møte skuleeigar på denne måten.